



Byggmester Nils J Solend As
Stølen 12
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6047 - 23/63565

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.08.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden om ferdigattest - gbnr 445/410 Manger nedre

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 445/410
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Byggmester Nils J Solend As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest 11.08.2023.

Vi ser av kommunen sitt arkiv at tiltaket er godkjend etablert i vedtak datert 16.10.2008 i sak 08/95. Det er ikkje tidlegare søkt om mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket.

Vi treng meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kontrollerklæringar
Ved behandling av søknad om ferdigattest for tiltak som er godkjend i 2009, må det leggjast ved kontrollerklæringar frå føretaka som hadde ansvarsrett for utføring og kontroll av utføring.

Vi har lagt ved byggeløyvet datert 16.10.2008. Dersom du har behov for andre dokument i saka kan du få desse tilsend ved å be om innsyn. Innsynskrav sender du til post@alver.kommune.no.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.09.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Vi gjer merksam på at bruk av bygning der det ikkje er gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest i utgangspunktet er ulovleg og at kommunen kan følgja opp saka.

GENERELL INFORMASJON

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggeløyve - gbnr 445-410

Mottakarar:

Byggmester Nils J Solend As

Stølen 12

5911 ALVERSUND